

Styremøte i Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane



21. september 2021 på Teams fra kl. 20.15 til 21.40

Til stades: Laila Røneid, Inger Handegård, Hilde Rotihaug, Linn Didriksen Solsvik (vara)

Nr	Gjennomgang av saker frå forrige møte	Kven gjer kva når
	Referatet frå forrige møtet vart godkjent	
18/20	Apportvilt Hans skaffa, Ine hadde med seg til årets prøve. Me skulle gjerne hatt lokale leverandørar av ender....	
26/20	Dommarseminar ettersøk/samling på Skei Me prøver å få det til 6. februar på Skei i samband med samling som JFF har den 5 februar same stad	Hilde jobbar vidare med dette
10/21	Bevegelege og ordinære sporprøvar - blod og fersk Det har gått gått relativt greitt med prøvane. Årdalsprøven vart flytta til Luster grunna vegstenging. Eid mangla plutseleg sporleggarar. Prøvane er godkjent og ligg i dogweb. Det manglar bilag på utgifter i samband med prøvane som skal sendast kasserer for utbetaling.	Laila har sendt inn til regionmesterskapet til NKK NV. Hilde + Inger har styr på utgifter/utbetaling. Inger sjekkar betaling på to bevegelege prøvar.
11/21	Rallystevnet – stevnet er flytta til 2-3 oktober Prøvane er teljande til regionmesterskap i NKK NV.	
12/21	Instruktørkurs/konkurransekurs lydighet Me har no fått utbetalit tilskudd frå studieforbundet.	
13/21	Utstilling 30 mai Suksess med stor deltaking, flott vær og god stemning rundt ringen. Dette sjølv om det vart dommarbytte. Kjempekjekk utstilling som me vurderer å gjenta. Kjekt at så mange frå avdelinga deltok.	
14/21	Digital "cup" med innsending av bilder/video på FB i avdelinga Hovudpremie var gratis start utstilling eller prøve og den vart vunnen av Edvart Hartvigsen. Gratulerer!	
15/21	Styret har laga ei lukka gruppe på FB for medlemmer som er interessert i å lære om/diskutere eksteriør, genetikk, avl, oppdrett Alle medlemmer har fått invitasjon til å vera med. Bør sendast ut ny invitasjon regelmessig. Det er litt liten aktivitet i gruppa foreløpig.	Inger har ansvar for gruppa
16/21	Medlemsinfo vart sendt ut på e-post i april, juli og september. Me etterlyser fleire medlemmer som kan tilby/har tilgang til terrengr/lokale i ulike stader der me kan arrangere aktivitet.	
19/21	Treningssamlinger JAL Planlagte treningar måtte dessverre gå ut grunna sjukdom.	
Nye saker		
20/21	Bruksprøven på Hafslø 6+5 påmeldt. Vellykka prøve men me har utfordrande sporterreng og me treng mange fleire hjelparar/sporleggarar dersom me skal halde fram med dette tilbodet. Av fleire ulike grunnar var det få spaniels som deltok i år.	
21/21	Jaktanleggsprøven + apportprøven i Gaupne 5 + 3 påmeldt og alle var debutantar. Det er så kjekt å få med nye folk! Me håpar at alle som deltok hadde det kjekt og ynskjer å verta medlem i avdelinga. Været var supert. Folk kosa deg.	
22/21	Rallystevnet 2-3 oktober i Årdal Knappe 30 påmeldt begge dagar. Me startar klokka 11.00 laurdag. Tunnelen mot Årdal er nattestengt og det må opplysast om dette i	Inger får sendt innover merker og sløyfer Laila lagar startlister + PM +

	PM. Stevnet bør av same grunna vera ferdig til kl. 18.00 Rosettar og premiar er på plass. Merke + premiesløyfer må leverast. Hotell dommar ok. Dommargåve manglar.	kontakt dommar + dommargåve. Lars Gunnar hjelper til.
23/21	Utstilling 9 oktober på Skei 33 hundar påmeldt, 3 rasar, ingen kvelpar Me har fått gávepremiar frå Canelana, Hilde har RC som må leverast på Skei/stasjonen? Me ventar på rosettar frå Danmark – spør Svein om status. Laila og Inger köyrer opp og får på plass rosettar, premiar og ordnar med PM og startnummer.	Inger har ansvar for rosettar og premiar + få på plass oppheng for rosettar i ringen Hilde tel opp RC/leverer Skei Laila lagar premiekort
24/21	Rally-online-nybegynnarkurs med rekruttstevne Inger startar det opp. Me får dele arrangementet på NSK si hovud-FB side. Det vert gratis for våre medlemmer. Andre betalar kr. 100 pr hund. Berre spaniels får vera med	Inger har tilbydd seg å lage.
25/22	Aktivitetar i 2022 Årsmøte med fagdag – fysisk møte – Me satsar på 6 februar på Skei i samband med dommarsamlinga. Me ynskjer spor som tema. Blodspor – me søker om dobbel prøve på Eid i starten av juni, Elin Anita ynskjer prøve i Luster/Jostedalen. Me treng dato og hjelparar/sporleggarar til begge prøvane. Bevegeleg blodspor + ferskspor – frå 1. mai til 31. august Jaktanleggsprøve – apportprøve – Dette er ein prøve med skal arrangere kvart år. Me prøver å få på plass dommar tidleg. Målet er at Linn skal gå som dommarelev. Me må ikkje ha same dato som Hordaland og Møre og Romsdal. Grunna bandtvang og hjortejakt må me ha vår prøve mellom 20 august og 1. september. Me satsar på søndag 21. august for vår prøve. Me har terreng i Luster/Gaupne, men kan gjerne arrangere prøven ein anna stad i avdelinga dersom nokon ordnar med terrenget/grunneigarløyve. Så lenge me har lokal dommar kan me arrangere ei separat apportprøve ved behov Brukshundprøve – me må få tak i fleire til å hjelpe til med sporlegging dersom me skal arrangere dette i 2022. Me flytter gjerne prøven til meir lettgått terrenget dersom nokon har tilgang på. Terrenget bør vera nokså fritt for beitedyr og i tillegg treng med område for feltsøk og stad me kan ha lydighet. Utstilling – vert i saman med Sunnfjord hundeklubb i oktober. Me arrangerer gjerne ei vårutstilling i Førde dersom me får hjelp frå Sunnfjord hundeklubb. Jaktlydighetskurs/trening – planen er inne i vinter i ridehallen på Kaupanger med Linn som instruktør. Me håpar at andre har lyst til å arrangere samlingar andre stader i avdelinga. Gjeld alle treningar me annonserer: Treningane skal vera opne for alle medlemmer i avdelinga uansett rase/type/adresse. Rallystevne? Me legg dette stevnet på is til me ser om me får fleire som kan hjelpe til. Akkurat no har me for få frå klubben som kan hjelpe til. Familiedag? Me har ei geografisk utfordrande avdelinga, men me får garantert noko til kanskje fleire stader i avdelinga dersom me får lokale hjelparar/pådrivarar.	Årsmøtet må annonserast i julenummeret av Våre Spaniels. Inger skriv annonse pluss avdelingsspalta. Laila kontaktar Skei hotell for å bestille møterom. Linn kontaktar dommar for JAL og apport og prøver å arrangere innandørs treningssamlingar til vinteren. Laila kontaktar Sunnfjord hundeklubb angåande utstilling Me treng sårt fleire medlemmer som kan hjelpe til som sporleggarar, til å arrangere stevne, samlingar, treningar, familiedag osv. dersom me skal kunne oppretthalde den aktiviteten me har og få meir aktivitet fleire stader.
26/22	Me treng fleire til å hjelpe til for å kunne oppretthalde aktiviteten Me treng lokale krefter for å få til meir aktivitet fleire stader.	Dette er ei oppfordring til ALLE medlemmer i avdelinga
27/22	Julenummeret Våre Spaniels Årsmøtet, aktivitet 2022, utstillinga, rallystevnet.	

Neste styremøte:

Neste møte blir i første halvdel av november. Fysisk møte.

Laila kallar inn og lagar arrangement.